



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for juli-august 2011.

Distrikt 2305  
Klubbnr. 12713

Årgang 47



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Magnar Hatløy
Visepres:	Anders Riise
Sekretær:	Arne G. Aschehoug
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres:	Vigdis Riise
Styremedlem:	Karin S. Holstad
Styremedlem:	Jarle Kristiansen
Ansv.red.:	Aage Nytun
Referent:	Aage Nytun

## Fødselsdagar i juli/ august:

Dafinn Paus	6. juli
Jarle Kristiansen	9. juli
Otto Holstad	13. juli
Karin S. Holstad	28. juli
Magnar Hatløy	30. juli
Arne G. Aschehoug	5. august
Einar Holm	12. august
Odd Arne Holstad	13. august
Håkon Brekke	27. august
Rakel Dyrhaug	28. august

## Frammøteporsent i juli:

## ***Den ene dagen***

*Det er en sommerdag for lenge siden  
som roper meg tilbake gjennom tiden.*

*Den ligger lukket bak en hekk av klunger  
blant hestemaur og gule tiriltunger.*

*Den vasser brun og barbent i en fjære  
og lukter gammel tang og nybredd tjære.*

*Den rasper grønne kart av solbærbusken  
og flyr til himmels i den høye husken.*

*Den ligger fjetret og fortapt på magen  
og sluker Ivanhoe i eplehagen.*

*Den slåss på tørre never med venninnen  
som sender krokketkulene på pinnen.*

*Den er et nystekt brød på kjøkkenbordet  
og slåmaskinens knepring over jordet.*

*All lyd og lukt og smak og farge kommer  
fra denne dagen i min barndoms sommer.*

*Som endte med den lykkelige smaken  
av nyslått kløver og av rene laken.*

*~Inger Hagerup~*

**Alle Rotarymøta i juli var programfrie.**

### **Måndag 1. august.**

Programfritt

### **Måndag 8. august.**

Programfritt

### **Måndag 15. august.**

Past president Vigdis Riise opna og leia møtet, vikarierande for president Magnar Hatløy. Ho ønskte foredragshaldar Michal Møgster velkomen til klubben og gav ordet til han.

**Sokneprest Michal Møgster** har fungert i Hareid i tretten og eit halvt år. No går han inn i ei stilling som sokneprest i Strusshamn i Askøy kommune. I det høve hadde klubben invitert han til å halde eit foredrag eit "avskjedsforedrag" med sjølvvalt emne.

Han fortalte oss at han alltid hadde hatt interesse for naturen og dei kjemiske, biologiske og fysiske lovane som råder der.

Stikkordet for foredraget:

#### **Naturen. Æva. Og ikkje minst: Kvar kjem vi frå? Korleis har menneska utvikla seg?**

Møgster starta med å lese eit sjølvskrive epos / dikt med hyllest til den urørte naturen.

Som stikkord vidare i foredraget nemner vi:

utviklinga av dyra i naturen

korleis menneska utvikla seg for best å greie seg i naturen. Ytterpunkt som eskimoar som levde i kalde strok til mørkhuda i varme Afrika.

Foredraget vidare vart mest om menneska. Korleis dei hadde fått makt over naturen.

Møgster fortalte at opphavet til menneska kom frå Afrika, homo erectus for 2 mill år sidan. Dei var dei første på to bein og var grovt bygd opp og med stor nase. Desse levde om lag ein halv million år.

Det moderne menneske hadde og sitt opphav i Afrika, for 130 000 år sidan. Det eldste funnet er frå 100 000 år sidan. Men desse døydde ut. For 70 000 år sidan var det ein stor tørke. Det var få igjen. Dei kom seg over til Arabia og derifrå vidare. Spreidde seg heilt til Australia for 30 000 år sidan. Dei eldste i Europa er frå 30 000 – 40 000 år sidan. Desse var parallelt med neandertalarane. Kanskje vi har litt neandertalarar i oss?

I dag er det menneska som har kontroll over naturen. Vidare filosoferte Møgster over likskapar og ulikskapar ved menneska. Felles-trekk for mann – kvinne.

Møgster avslutta med dikt; Hymne av Einar Skjeråsen.

Foredraget til Møgster vekte interesse i salen. Og mange hadde spørsmål og kommentarar.

Vigdis overrekte blomar, takka han for jobben i Hareid i alle åra og ønskte han lukke til vidare i den nye jobben hans.

### **Måndag 22.august**

President Magnar opna og leia møtet.

Han ønskte kveldens foredragshaldar, Oskar Grimstad, velkomen og gav ordet til han.

Oskar er stortingsmann for Frp, vart innvalt i 2009, og han fortalte om dei to åra han hadde vore på Stortinget og refleksjonar og tankar kring det.

Oskar sit i sentralstyret i partiet, er medlem av valkomiteen, medlem i Nordisk Råd, og er 1. varamann til gruppestyret i Frp.

Etter at Stortinget er konstituert, vert representantane for dei ulike partia plasserte i forskjellige komitear. Det er partia som bestemmer kva representantar dei ynskjer i dei ulike komiteane. Oskar vart plassert i miljø- og energikomiteen, og er då også miljøpolitisk talsmann for partiet sitt.

Mykje av arbeidet på Stortinget foregår i komiteane, og der blir mykje av premissane for det som seinare blir bestemt, lagt. Han fortalte om arbeidet i miljø- og energikomiteen og dei utfordringane han ser framover. Energibehovet vil auke sterkt fram mot 2020 for deretter å flate ut. Olje og gass er og vil vere den viktigaste energikjelda framover, vasskraft betyr utrøleg lite til samanlikning, bortsett frå i Noreg.

Noreg, som ein av verdas største leverandørar av olje og gass, har ei viktig rolle for energiforsyninga framover.

Han snakka også om olje- og gassmulegheitene i Nord-Noreg, som han meinte var viktige for den vidare utviklinga av landsdelen, men også for den eksisterande offshore og maritime industri langs heile kysten.

Oskar kom også inn på interesseomsetningane i nord mellom olje og gass på den eine sida og fiskeri og naturvern på den andre. Lofoten er foreløpig freda, mens det er opna for prøveboring i Barentshavet. Oskar hadde ei positiv haldning til oljeaktivitet i nord også i Lofoten, men dette er eit område der det er sterke politiske motsetningar på Stortinget.

Som komitémedlem vert det også ein god del reiseverksemnd. Oskar fortalte m.a. om ei reise til Brasil, som etter kvart har bygd opp ein stor oljeindustri, men som har hatt og har ei svært restriktiv linje når det gjeld å sleppe til utanlandske selskap, sjølv om dei nok ser at det må dei gjere det til ei viss grad for å få til det dei ynskjer. M.a. skal 75% av mannskapa på supplybåtane vere frå Brasil. Når dei er på slike utanlandsreiser, har dei også møte og besøker gjerne norske bedrifter som er etablerte i området.

Oskar kom også inn på energisituasjonen i vårt område og understreka viktigeita av at den nye kraftlinja mellom Sogndal og Ørskog kjem på plass så snart som råd, slik at eksisterande og ny industri kan få utviklings- og vekstmuleheiter.

Han kom også inn på kva som er politisk muleg å få til for å utnytte meir olje og gass i Noreg.

Det vart stilt mange spørsmål til Oskar etter innlegget hans, m.a. vart det stilt spørsmål om kvar den reelle makta ligg når vi har ei fleirtalsregjering. Oskar meinte at arbeidet i komiteane var viktige for å ha innverknad på dei avgjerslene som vart tekne. Det vart også stilt spørsmål omkring logikken av å sende gassen til Europa for produksjon av el-kraft for så å kjøpe straumen tilbake på dårlege linjer med betydeleg energitap. Men som Oskar sa, så er dette politikk og blir bestemt av fleirtalet på Stortinget.

#### **Måndag 29. august.**

Programfritt.